



Mange unge og lovande skiløparar frå Kvinnherad og Uskedalen hevdar seg på krets nivå. William Samland Eik er klar for start.

Fire skiløparar i alderen 11 til 15 år gjer det godt på krets nivå. Dei er med i eit fast gruppe frå Kvinnherad som reiser på kretsrenn. Dei har det kjekt sosialt og hevdar seg svært godt med alle sine prestasjonar. Anna Elisabet Samland Eik har faktisk 3. plassen i kretscupen så langt i sesongen. Alle går klassisk stil.

Det 4. rennet av totalt 13 var lagt til Herreåsen på Voss sist helg. Frå Uskedalen var desse med: William Samland Eik, Linnea M. Ripel og Birk Sæle. Anna Elisabet Samland Eik var ikkje med på dette rennet.



Linnea M. Ripel fekk ein sterk 2. plass i klassen jenter 11 år på Vargarennnet på Voss sist helg.

- William Samland Eik: 11 år - 6. plass
- Linnea M. Ripel: 11 år - 2. plass
- Birk Sæle: 15 år - 6. plass

William og Linnea gjekk 2 km. Birk gjekk 5. km.

Kretsrenn er for born frå 8 år og oppover. Fram til 11 år vert ikkje resultatane publisert anna enn med oppslag på skistadion. Frå 11 år vert borna rangert.

Kretsrenna har årvisse klassar, gutar og jenter, fram til løpaane er 16 år. Frå 17 år er ein junior. Frå 21 år er løparane senior.

Det vert spennande å fylgja med løparane frå Uskedalen og Kvinnherad på krets nivå.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut Johannes Ripel/ Olav Tvilde



William Samland Eik går inn til ein 6. klasse i sin klasse.